

VAKSENOPPLÆRING I ROGALAND

Mål og handlingsplan for 2017-2018



Vedtatt av Vaksenopplæringsrådet i Rogaland
Mai 2017

Vaksenopplæringsrådet i Rogaland:

Kommunane i utdanningsregion NordR




Kommunane i utdanningsregion MidtR



Kommunane i utdanningsregion SørR



Rogaland fylkeskommune



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Innhald

Overordna mål Kva må vi gjere for å nå målet? Utfordringsbildet i Rogaland	s. 4
Fem satsingsområde 1 Grunnleggjande ferdigheiter 1.1 Situasjon 1.2 Hovudutfordring 1.3 Mål 2017-2018 1.4 Tiltak og ansvar 2017-2018	s. 6-7
2 Grunnskoleopplæring for vaksne 2.1 Situasjon 2.2 Hovudutfordring 2.3 Mål 2017-2018 2.4 Tiltak og ansvar 2017-2018	s. 8
3 Vidaregåande opplæring for vaksne 3.1 Situasjon 3.2 Hovudutfordring 3.3 Mål 2017-2018 3.4 Tiltak og ansvar 2017-2018	s. 9-10
4 Fagskole og høgare utdanning 4.1 Situasjon 4.2 Hovudutfordring 4.3 Mål 2017-2018 4.4 Tiltak og ansvar 2017-2018	s. 11-12
5 Introduksjonsordninga 5.1 Situasjon 5.2 Hovudutfordring 5.3 Mål 2017-2018 5.4 Tiltak og ansvar 2017-2018	s. 13-14

Overordna mål

Vi vil medverke til offensiv satsing på vaksenopplæring i fylket og til tenleg organisering av samarbeidet i sektoren, slik at flest mogleg vaksne har kompetanse som gir grunnlag for stabilt og varig tilhøyr til arbeidslivet.

Gjennom samarbeidet ønskjer vi å utvikle gode og samordna satsingar og tiltak for å styrkje vaksenopplæringa slik at det blir gjort gode val både for den enkelte vaksne og for samfunnet. Gode høve til læring på arbeidsplassen og sterkare satsing på å hjelpe vaksne med svake grunnleggjande ferdigheiter og lite formell kompetanse er særleg viktig.

Alle partnarane i rådet har skrive under på den nasjonale kompetansepolitiske strategien for 2017-2021.

Kva må vi gjere for å nå målet?

Det er brei semje om at deltaking i arbeidslivet, og gjennom det grunnlag for å forsørgje seg sjølv, er eit sentralt mål for alle vaksne og for samfunnet. Målet for kompetansepolitikken må såleis vere å medverke til at arbeidslivet får den kompetansen det treng, at alle partar medverkar til læring i arbeidslivet, og at det blir lagt til rette for at vaksne som står utanfor arbeidslivet av kompetansemessige grunnar, får høve og motivasjon til å skaffe seg den kompetansen dei treng for å kome seg i arbeid.

For Vaksenopplæringsrådet inneber dette at innsatsen vår blir retta inn mot desse områda:

- 1. Grunnleggjande ferdigheiter**
- 2. Grunnskoleopplæring for vaksne**
- 3. Vidaregåande opplæring for vaksne**
- 4. Fagskole og høgare utdanning**
- 5. Introduksjonsordninga**

Utfordringsbildet i Rogaland

Både PIAC og OECD-rapporten viser at mange vaksne i Noreg har svake grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning, og i tillegg svak digital kompetanse. Det er ingen grunn til å tru at Rogaland skil seg ut frå resten av landet, og det må såleis reknast med at om lag 40 000 rogalendingar les dårleg, mest 50 000 har dårleg talforståing og mest 90 000 har svak digital kompetanse. Ein litt mindre del enn snitt for landet har grunnskole som høgaste utdanning (26,0 % i Rogaland, 26,9 % for landet), og om lag 2500 her i fylket er registrerte utan vitnemål frå grunnskulen. Personar med svak kompetanse er mest utsette for å falle ut av arbeidslivet.

Utfordringane er forsterka av auka arbeidsløyse og flyktningsituasjonen. Ved utgangen av januar 2017 er det registrert 12 779 arbeidslause i Rogaland, og om lag 3 400 av desse har ikkje fullført vidaregåande opplæring. Dobbelt så mange menn som kvinner er utan jobb. Arbeidsløysa er høgast i aldersgruppa 25-29 år. Størst auke i arbeidsløysa har vi hatt innan ingeniør- og IKT-fag og for kontorarbeid.

I 2016 var det registrert om lag 500 vaksne som får ordinær grunnskoleopplæring i dei faga dei må ha for å få vitnemål. Dei aller fleste, meir enn 95 %, er minoritetsspråklege. Om lag 500 vaksne får spesialundervisning på grunnskolen sitt område. Av desse er mindre enn 10 % minoritetsspråklege. Kommunane Gjesdal, Haugesund, Karmøy, Sandnes, Sauda, Sola, Stavanger, Strand, Suldal, Time, Eigersund, Tysvær og Vindafjord tilbyr sjølve grunnskole for vaksne, dei andre kjøper elevplassar.

I 2016 ga Rogaland fylkeskommune rett til vidaregåande opplæring til om lag 590 vaksne. Det var 630 til som søkte, men utan å få innvilga rett. Kvar fjerde med rett er minoritetsspråkleg. Størst interesse er det for utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag og service- og samferdselsfag. Mange ønskjer også å få opplæring i fag dei treng for å få studiekompetanse.

Kompetansepluss er ei tilskotsordning som skal bidra til at vaksne får nødvendig kompetanse til å meistre krav og omstilling i arbeidslivet. Gjennom Kompetansepluss kan offentlege og private verksemdar og frivillige organisasjonar søkje om midlar for å gi opplæring i grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning og data. Frå 2015 kunne tilskottet også nyttast til norskopplæring. Rogaland er tildelt 20 748 000 kr gjennom Kompetansepluss for 2017. Frå 2006 til 2015 kom om lag 5% av søknadene frå Rogaland. For 2016 og 2017 har dette auka til 12% og 10%. Den viktigaste årsaka til auken er truleg at midlane no kan brukast til norskopplæring.



Fleire personar med svake grunnleggjande ferdigheiter brukar opplæringstilbod knytte til arbeidsplassen

Fem satsingsområde

1 Grunnleggjande ferdigheiter

1.1 Situasjon

Det finst ikkje noko samla oversyn over vaksne med svake grunnleggjande ferdigheiter. Mange av desse er i arbeid, men ifølge OECD er mange i denne gruppa *utanfor eller på kanten av arbeidslivet*. Arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane er tettast på dei som er i arbeid, medan kommunar og NAV gjerne er tettast på dei som berre delvis er i arbeid, er arbeidssøkjande eller heilt utanfor arbeidslivet. Fleire i denne gruppa vil ha rett til opplæring, men informasjonen om og til desse bør bli betre, og samordning av tiltak og oppfølging må styrkjast.

1.2 Hovudutfordring

Informasjon om og til denne gruppa må styrkjast, slik at det blir råd å nå fleire med tilbod om opplæring. Gruppa er truleg stor, og manglande oversyn gjer at informasjon om rettar og opplæringstilbod må derfor nå ut til «folk flest». Opplæringstilbodet må vere tilpassa den enkelte sine behov, og god kartlegging med tenlege verktøy er derfor viktig. Det må leggjast til rette for fleksible ordningar og tilbod og samarbeid mellom offentlege instansar, private tilbydarar og frivillige organisasjonar. Der det er råd, bør tilbodet om slik opplæring kombinerast med yrkesretta opplæring eller arbeid for å auke motivasjonen til å delta.

1.3 Mål 2017-2018

1. Vi når ut med treffsikker informasjon om rettar og tilbod
2. Fleire personar med svake grunnleggjande ferdigheiter brukar opplæringstilbod knytte til arbeidsplassen
3. Fleire personar med svake grunnleggjande ferdigheiter brukar opplæringstilbod i/via kommunen
4. Fleire personar med svake grunnleggjande ferdigheiter brukar opplæringstilbod via frivillige organisasjonar

1.4 Tiltak og ansvar 2017-2018

Opplæring i grunnleggjande ferdigheiter på arbeidsplassen

- a) NHO/LO: Motivere fleire arbeidsgivarar til å søkje midlar frå Kompetanse pluss og setje i verk tiltak for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter på arbeidsplassen
- b) NHO/LO: Medverke til auka kjennskap blant arbeidsgivarar om utfordringar knytte til grunnleggjande ferdigheiter hos arbeidstakarar, og om nytten av å gi slike opplæringstilbod
- c) NHO/LO: Lage oversikt over opplæringstilbod med støtte frå Kompetanse pluss som blir gitt på arbeidsplassar i Rogaland i 2017. Oversikten blir lagt fram på møte i Vaksenopplæringsrådet våren 2018.
- d) NAV: Etablere eit AMO-tiltak for personar som manglar grunnleggjande IKT-ferdigheiter

Opplæring i grunnleggjande ferdigheiter i/via kommunen

- e) Kommunen: Lage samarbeidsavtale mellom NAV-kontoret og ansvarlege for skole/vaksenopplæring om opplæringstiltak for vaksne med behov for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter

- f) NAV-kontora: Ha særleg fokus på å fange opp personar med mangelfulle grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving ved oppfølging av unge under 30 år + vise vidare til rett instans i kommunen for opplæringstilbod.
(Følgjande verktøy på nav.no kan brukast:
<https://www.nav.no/no/Person/Arbeid/Test+deg+for+jobb+og+utdanning/lese-og-skrivevansker>)
- g) NAV Rogaland: Kjøpe inn arbeidsmarknadskurs i grunnleggjande IKT-ferdigheiter
- h) NAV Rogaland: Lage oversikt over deltaking på eigne opplæringstilbod i grunnleggjande IKT i Rogaland for 2017. Oversikten blir lagt fram på møte i Vaksenopplæringsrådet våren 2018

Opplæring i grunnleggjande ferdigheiter via frivillige organisasjonar

- i) VOFO: Motivere fleire medlemsorganisasjonar til å søkje midlar frå Kompetansepluss og setje i verk tiltak for opplæringstilbod i grunnleggjande ferdigheiter
- j) VOFO: Lage oversikt over opplæringstilbod i Rogaland i 2017 der grunnleggjande ferdigheiter inngår. Få med informasjon om type kurs og tal på deltakarar. Oversikten blir lagt fram på møte i Vaksenopplæringsrådet våren 2018

Betre oversyn over behovet

- k) Fylkesmannen i Rogaland: Ta kontakt med Kunnskapsdepartementet og Lesesenteret (v/Egil Gabrielsen) for å få eit betre bilete av kva tala frå PIAC undersøkinga kan fortelje om behovet for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter i Rogaland.
Informasjon om dette blir lagt fram for Vaksenopplæringsrådet på møte 03.10.2017

Informasjon ut

- l) Alle: Sjå over den informasjonen dei gir ut om grunnleggjande ferdigheiter og endre ut frå behov. «Informasjon ut» blir tema på møte i Vaksenopplæringsrådet i 03.10.2017
- m) Arbeidsgruppe oppnemnt av Vaksenopplæringsrådet: Utarbeide opplegg for felles tiltak slik at informasjon om opplæring i grunnleggjande ferdigheiter når ut til «folk flest». Forslag til arbeidsgruppe: kommunar, VOFO, UiS, Fylkesmannen.
Fylkesmannen ser til at gruppa blir oppnemnt og kjem i arbeid. Arbeidsgruppa legg fram forslag til drøfting i Vaksenopplæringsrådet i 03.10.2017

Individuell kartlegging

- n) Fylkesmannen i Rogaland: Regjeringa skal utvikle kartleggingsverktøy for grunnleggjande ferdigheiter. Fylkesmannen følgjer med på framdrifta i arbeidet og orienterer på møte i Vaksenopplæringsrådet i 03.10.2017

2 Grunnskoleopplæring for vaksne

2.1 Situasjon

I 2015 var det 2335 personar over 16 år utan registrert utdanning i Rogaland. Dei aller fleste av desse var minoritetsspråklege. I følgje *Statistikbanken Kompetanse Norge* deltar 615 personar på grunnskoleopplæring for vaksne her i fylket dette skoleåret. 97% av desse er minoritetsspråklege. Andelen minoritetsspråklege har vore over 90% sidan 2009/2010. Andelen norskspråklege deltakarar er betydeleg redusert også på landsbasis i denne perioden, med berre 294 norskspråklege deltakarar totalt i Noreg inneverande skuleår.

Dei fleste som har vakse opp i Noreg, har vitnemål frå grunnskolen. Nokre av desse vil likevel kunne ha rett til grunnskoleopplæring for vaksne. Kommunane er ansvarlege for å informere innbyggjarane om rett til grunnskoleopplæring. Kommunen skal vurdere realkompetansen til vaksne som ønskjer det. Realkompetansevurdering kan ha betydning for den vaksne sitt opplæringstilbod både ved at det blir brukt som sluttvurdering, men også som reiskap for å avklare den vaksne sitt behov for opplæring og på kva nivå ein skal legge undervisninga.

2.2 Hovudutfordring

Informasjon om rett til grunnskole for vaksne må bli meir brukarvennleg, slik at ein når fram til dei som kan ha behov for slik opplæring. Arbeidet med realkompetansevurdering må styrkjast slik at tilbodet kan tilpassast den enkelte sine behov, «standardløp» er ikkje treffsikre nok. Det er behov for å sikre at kommunane har korrekt lovforståing på dette området.

2.3 Mål 2017-2018

1. Vi når ut med treffsikker informasjon om rettar og tilbod
2. God realkompetansevurdering sikrar individuell tilpassing
3. Kommunane gir tilbod til fleire vaksne enn dei gjer i dag
4. Betre rettstryggleiken ved å sikre korrekt forståing av retten til grunnskoleopplæring for vaksne

2.4 Tiltak og ansvar 2017-2018

- a) Fylkesmannen: Ta informasjon om grunnskuleopplæring for vaksne opp som tema i Skoleeigarforum/arbeidsutvalet. Be kommunane om å evaluere korleis dei informerer i dag, kva informasjonsmåtar som bør nyttast framover og kva målgrupper ein skal rette informasjonen til. «Informasjon ut» blir tema på møte i Vaksenopplæringsrådet i 03.10.2017
- b) Kommunane: Etablere rutinar for kontakt mellom NAV-kontora og PPT for å sikre at vaksne som kan ha rett til spesialundervisning, får hjelp
- c) Fylkesmannen: Medverke til korrekt lovforståing gjennom regelverksamlingar, innlegg i nettverka, m.m.
- d) Kommunane: Styrkje informasjon om rett til realkompetansevurdering
- e) Kommunane og Fylkesmannen: Vurdere deltaking i forsøk med modulstyrt opplæring. Fylkesmannen sender e-post til vaksenopplæringssentra og oppmodar dei til å søkje.

3 Vidaregåande opplæring for vaksne

3.1 Situasjon

Arbeidslivet i Rogaland er i ein utfordrande situasjon. Ein del av dei som har blitt arbeidslause, har ikkje fullført og bestått vidaregåande opplæring. Mange har behov for omskolering/å fullføre vidaregåande opplæring. NAV samarbeider med Rogaland fylkeskommune om å tilby vidaregåande opplæring til dei som manglar det.

I følgje *Statistikkbanken Kompetanse Norge* deltok 1 708 vaksne i vidaregåande opplæring i Rogaland i 2015. Om lag 27 % tok «helse- og oppvekstfag», 69 % tok «annan yrkeskompetanse» og om lag 5 % tok «studiekompetanse». Rogaland har lågast prosentdel vaksne som tar studiekompetanse i landet gjennom fleire år (landsgjennomsnitt om lag 20 % dei siste åra).

Dei fleste som tar vidaregåande skole for vaksne i Noreg, er mellom 25 og 39 år. I 2015 utgjorde desse 72 % av deltakarane. 21 % var mellom 40 og 49 år.

To undersøkingar frå 2011 og 2014 viser at interesse for karriererettleiing er størst mellom dei som har grunnskole eller vidaregåande opplæring som høgast utdanning (*Statistikkbanken Kompetanse Norge*).

Det er etablert ein arena for «Aktive grep» mellom fylkesordførar, varafylkesordførar, fylkesdirektør for opplæring, LO, NHO og NAV-direktør om korleis ein i fellesskap kan løyse utfordringar knytte til arbeidsmarknadssituasjonen. I denne gruppa er det m.a. vedtatt tiltak for å auke bruken av realkompetansevurdering, og Rogaland fylkeskommune har vedtatt å gi tilbod til dei utan vaksenrett. Vidare er det gjennom dette samarbeidet gjennomført tiltak for å nå arbeidssøkjjarar med låg kompetanse: Alle arbeidssøkjjarar under 30 år som ikkje hadde fullført vidaregåande opplæring, vart kontakta av NAV og meldt på informasjonsmøte med fylkeskommunen.

Rogaland fylkeskommune si leiargruppe og NAV Rogaland har i tillegg etablert faste møte der det blir arbeidd med praktisk gjennomføring av det som blir vedtatt i «Aktive grep». I tillegg blir desse treffpunkta brukte til å diskutere korleis ein kan få enno meir ut av samarbeidet mellom fylkeskommunen og NAV.

3.2 Hovudutfordring

Karriererettleiing for vaksne kan bidra til at ein møter omstilling på ein betre måte. Mobilitet vil gjere at ein blir lenger i arbeidslivet. Målretta og rask kartlegging av kompetanse og rettleiing for nykomne innvandrarar kan bidra til betre tilknyting til arbeidslivet. Overgangen grunnskole - vidaregåande opplæring er krevjande for mange minoritetsspråklege.

Kapasiteten til karrieresentera er ei utfordring. I *Nasjonal kompetansepolitisk strategi* blir det halde fram at karriererettleiingstenestene må styrkjast. Omstilling i arbeidslivet krev karrieresenter med høg kvalitet. I fylkeskommunen si evaluering av karrieresentera i 2015 går det fram at talet på minoritetsspråklege som tar kontakt har auka, og at nedbemanning har gjort det nødvendig å prioritere kven som skal få karriererettleiing. I ei saksutgreiing frå 2016 peikar *Partnerskap for Karriereveiledning* på at det er ønskjeleg med større vektlegging på systemarbeid mot skole, NAV og bedrifter framfor rettleiing på individnivå.

3.3 Mål 2017-2018

1. Vaksne med rett til vidaregåande opplæring skal fullføre og bestå
2. Vaksne skal få god karriererettleing som fører til arbeid
3. Fleire vaksne utan godkjent vidaregåande opplæring tar fagbrev
4. Fleire vaksne med utanlandsk fag- og yrkesopplæring får vurdert kompetansen sin

3.4 Tiltak og ansvar 2017-2018

- a) Rfk: Kartleggje kva kommunar vaksne som ikkje er klare for vidaregåande opplæring, kjem frå og etablere samarbeid med desse kommunane for å få til så god overgang som råd
- b) Rfk: Vurdere oppfølging av evalueringa av karrieresentera og informere Vaksenopplæringsrådet om eventuelle tiltak
- c) Rfk/NAV Rogaland: Medverke til at informasjon om realkompetansevurdering når fleire gjennom eige samarbeidsprosjekt. Ny «info-versjon» er til utprøving
- d) Rfk/NAV/LO/NHO Rogaland: Vidareføre tett samhandling om å hindre utanforskap som skuldast mangelfull kompetanse, gjennom at fleire nyttar seg av karriererettleing, realkompetansevurdering og tar fagbrev
- e) Rfk: Styrke arbeidet med å tilpasse opplæringa til den enkelte vaksne sine behov
- f) NAV-kontora: Sikre at tilsette kjenner til og rettleier aktuelle arbeidssøkande til å bruke godkjenningsordninga til NOKUT for godkjenning av fag- og yrkesopplæring frå utlandet (Ordninga vart lansert i 2016 og gjeld førebels berre for personar frå Polen og Tyskland med fag- eller sveinebrev for betongfagarbeider, frisør, kjøttskjærar, rørleggjar og tømrar)
- g) LO og NHO: Sikre at partane i arbeidslivet er kjende med godkjenningsordninga til NOKUT for godkjenning av fag- og yrkesopplæring frå utlandet, slik at desse kan informere arbeidstakarar og bedrifter om godkjenningsordninga
- h) Alle: Medverke til fleire lærebedrifter/praksisplassar for vaksne



Vaksne med rett til vidaregåande opplæring skal fullføre og bestå.

4 Fagskole og høgare utdanning

4.1 Situasjon

Arbeidsløysa krev at mange omskolerer seg eller kvalifiserer seg ved å ta meir utdanning. Fagskolar er yrkesretta og kan medverke til rask og effektiv omstilling. For å få plass må ein ha godkjent fagbrev/sveinebrev/vitnemål eller minst 5 års relevant praksis med realkompetansevurdering. Fagskoleutdanning er høgt verdsett i mange verksemdar fordi dei som tar slik opplæring, ofte har erfaring frå det yrket dei studerer. Det er likevel ein mindre del av dei som tar yrkesfagleg opplæring som vel fagskule som karriereveg. Regjeringa har løyvt meir pengar til fagskolane i 2017, og fagskolelova skal endrast, m.a. for å styrkje studentrettane.

Dei offentlege fagskulane ligg under fylkeskommunane. Fagskolen Rogaland har tre avdelingar: Bergeland vgs, Stavanger offshore tekniske skole og Karmsund vgs. Tilboda deira innan helse- og sosialfag er deltid, resten er heiltidsstudium. Hordaland helsefagskole har blant anna utdanningstilbod på Stord, og vil derfor kunne vere aktuell for innbyggjarar i nord-Rogaland. Det finst også privat fagskoleopplæring, t.d. Noroff i Stavanger. Nokre private fagskolar er nettbaserte og tilgjengelege over heile landet.

Fylket har mange institusjonar som gir høgare utdanning: Universitetet i Stavanger (UiS), Høgskolen på Vestlandet (HVL), VID Vitenskapelige høgskole og Handelshøyskolen BI. Dei er ei viktig drivkraft i kunnskapsutviklinga i ein region i endring både gjennom forskning, utdanning, formidling og innovasjon. HVL er no den største institusjonen i landet når det gjeld lærarutdanning.

4.2 Hovudutfordringar

Det er for få som ser fagskole som eit alternativ. Kjennskapen og statusen til denne utdanningsretninga må styrkjast. Realkompetansevurdering kan vere utfordrande og tidkrevjande. Godkjenningsordninga av utanlandsk fag- og yrkesopplæring hos NOKUT er i startfasen. Ordninga er ny og lite kjend. Vi må bidra til å sikre gode og målretta omskoleringstiltak for ledige som har høgare utdanning. Det ser ut til å vere ulik praksis ved behandling av individuelle søknader om dagpengar for arbeidsledige i høgare utdanning.

4.3 Mål for 2017-2018

- 1) Fleire personar i Rogaland med relevant opplæring/praksis, inkludert personar med utanlandsk utdanning, får dokumentert kompetansen sin
- 2) Fleire arbeidstakarar og arbeidsledige søker plass på relevant fagskule, høgskule eller universitet
- 3) Fleire arbeidstakarar og arbeidsledige gjennomfører og består relevant opplæring på fagskule, høgskule eller universitet
- 4) Fagskular, høgskular og universitet tilbyr gode og fleksible studieløysingar til arbeidstakarar og arbeidsledige vaksne

4.4 Tiltak og ansvar 2017-2018

- a. Rogaland fylkeskommune: Sørge for effektiv gjennomføring av realkompetansevurdering slik at vaksne med relevant arbeidspraksis kan søkje plass på fagskole. Realkompetansevurdering og karriererettleiing blir tema på møte i Vaksenopplæringsrådet 03.10.17.
- b. NAV-kontora: Sikre at tilsette kjenner til og rettleier arbeidssøkjande til å bruke godkjenningsordninga til NOKUT for høgare opplæring frå utlandet

- c. Fagskolar, høgskolar og universitet: Få ut meir informasjon om aktuelle heiltids- og deltidsstudium for arbeidstakarar og arbeidsledige i Rogaland. Alle medlemmer i Vaksenopplæringsrådet bidrar til å spreie informasjonen
- d. Fagskolar, høgskolar og universitet/NAV: Søkjarar må få korrekt informasjon om rettar knytte til dagpengar i forbindelse med studium. UH må rapportere fortløpande til NAV om dei fangar opp ulik praksis ved saksbehandling knytt til dagpengar.
- e. LO/NHO: Informerer medlemmene sine om at dei kan søkje stipend frå deira utdanningsfond.
- f. Fagskolar, høgskolar og universitet: Drøfte kompetansebehova i arbeidslivet med LO/NHO, NAV og kommunar i ulike forum. Vurdere om tilboda er treffsikre nok og om nye tilbod ev. skal utformast. Vidareutdanningstilbod blir tema på møte i Vaksenopplæringsrådet 03.10.17
- g. Rogaland fylkeskommune/karrieresenter: Sikre god og kompetent karriererettleiing til arbeidssøkande og informerer arbeidsledige og arbeidssøkande om relevante studium på fagskular, høgskular og universitet. Realkompetansevurdering og karriererettleiing blir tema på møte i Vaksenopplæringsrådet 03.10.17.



Fleire personar i Rogaland med relevant opplæring/praksis, inkludert personar med utanlandsk utdanning, får dokumentert kompetansen sin

5 Introduksjonsordninga

5.1 Situasjon

Rogaland har i dag rundt 1000 aktive introduksjonsdeltakarar. Flyktningane ønskjer å delta i ordninga dersom dei mottar tilbod. Gjennom programmet får dei delta i tiltak som «arbeid», «godkjenning av utdanning», «grunnskoleopplæring» og «fag i vidaregåande skole» og aukar med dette sjansen for kvalifisering til arbeid og/eller utdanning.

Tilsyn (ni kommunar sidan 2012) viser at ansvaret for introduksjonsordninga ikkje er godt nok forankra i kommuneleiinga. Det er konkludert med lovbrøt i alle tilsyna, og det blir ikkje sett av nok ressursar til å få ordninga «på plass».

5.2 Hovudutfordring

Ansvaret for ordninga må forankrast i kommuneleiinga for å sikre gode introduksjonsprogram i alle kommunane. Innhaldet må vere målretta og individuelt tilpassa slik at deltakarane oppnår tilstrekkeleg kvalifisering og integrering innan to til tre år. Tilsyna viser at innhaldet ofte har preg av «kos og hygge», og intervju med deltakarar viser at dei meiner nivået ofte for lavt: *Vi kan og vil så mykje meir*. Nokre flyktningar har helsemessige utfordringar som gjer det vanskeleg å kvalifisere seg for arbeid og/eller vidare utdanning. God tilrettelegging for desse krev både tverrfagleg samarbeid og ekstra ressursar.



Fleire blir kvalifiserte til utdanning og arbeid etter deltaking i introduksjonsprogrammet

5.3 Mål 2017-2018

1. Fleire blir kvalifiserte til utdanning og arbeid etter deltaking i introduksjonsprogrammet
2. Ansvar for introduksjonsordninga er synleggjort og forankra i kommuneleiinga
3. Alle kommunane har skriftleg samarbeidsavtale om introduksjonsordninga
4. Den individuelle planen er eit godt verktøy for å sikre for tilrettelegging for den enkelte
5. Det er god tilgang på bedrifter som tilbyr arbeidspraksis

5.4 Tiltak og ansvar 2017-2018

- a) Kommunane: Synleggjere og forankre ansvaret for introduksjonsordninga i kommuneleiinga
- b) Kommunane: Sikre god tilrettelegging ved å bruke den individuelle planen meir aktivt i arbeidet mot rask og god kvalifisering
- c) Kommunane: Styrkje kvaliteten på innhaldet i introduksjonsprogrammet
- d) Kommunane: Implementere rundskriv Q27/2015 om samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsordninga
- e) Kommunane/NAV: Dele god praksis og erfaring, m.a. gjennom FFKF - fagleg forum for kommunalt flyktningararbeid (18 kommunar er med her)
- f) NHO/LO: Motivere fleire bedrifter til å gi arbeidspraksis for deltakarar i introduksjonsprogrammet.
- g) Fylkesmannen: Medverke til solid kompetanse ved å tilby kurs om relevante emne ut frå kommunane sine behov
- h) Kommunane: Vurdere utbyttet av norskopplæringa, og sjå dette opp mot opplæringsmetode og organisering.
- i) Fylkesmannen: Sikre godt samarbeid internt mellom utdanningsavdelinga og helse-, sosial- og barnevernavdelinga om tilsyn med introduksjonsordninga og opplæring via NAV.



FYLKESMANNEN
I ROGALAND